

Regionalt hovudprosjekt

Hovudprosjekt er regionale innovasjonsprosjekt (for bedrifter og kommunar) og samarbeidsprosjekt (for forskingsorganisasjonar). Frist for rapportering står i kontrakten som er inngått mellom RFF Vestland/et og prosjektansvarleg organisasjon/bedrift.

ÅRLEG RAPPORTERING:

20. januar er frist for framdriftsrapport (spørjeundersøking i SurveyXact) og 1. mars er frist for årleg rekneskapsrapport. Du vil få påminning om desse fristane.

Slikt rapporterer du:

1. Svar på ein spørjeundersøking: [Klikk her for å kome til rapporteringslenke i surveySact](#)
2. Fulle ut rekneskapsrapportskjema (bruk skjema og les rettleiinga)

SLUTTRAPPORTERING:

Frist er 1 måned etter godkjend sluttdato. Når du skal avslutte prosjektet er det fleire ting du må gjere:

1. Fulle ut rekneskapsrapportskjema (bruk skjema og les rettleiinga)
2. Lage ein kort populærvitenskapleg artikkel (bruk rettleiinga)
3. Resultrapportere frå prosjektet gjennom å svare på ein spørjeundersøking: [Klikk her for å kome til rapporteringslenke i SurveyXact](#)
4. Sende inn rekneskapsrapport og populærvitenskapleg rapport på e-post eller vanleg post (sjå under)
5. Har du sendt ut digitalt egenerklæringsskjema? Hvis ikke, [Klikk her for å komme til egenerklæringsskjema](#).

Du kan sende inn rekneskapsrapport og populærvitenskapleg artikkel på ein av tre måtar:

1. E-post til sekretariatet: forsking@vlfk.no
2. Digital (sikker) post til organisasjonsnummer 821311632 (Vestland fylkeskommune), til dømes gjennom [eDialog](#)
3. Vanleg post til Regionalt forskingsfond Vestland, Vestland fylkeskommune, postboks 7900, 5020 Bergen

Prosjektansvarleg må sjølve vurdere sendemåte.

Tittel på sendinga skal vere "(prosjektnummer) (prosjektnamn) + sluttrapport eller årleg rapport"

Publisert 16. sep. 2020 | Oppdatert 27. mai 2024

[Last ned](#)  | [Del](#) 

Meldinger ved utskriftstidspunkt 24. april 2026, kl. 14.42 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.